

Møteprotokoll

Utval: Administrasjonsutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 03.07.2025
Tid: Kl. 12:00 - 13:30

Møteleiar:	Kjell Eide
Andre møtande:	Gjermund Flage

Medlemer:	Parti
Liv Irene Systad	
Anne Merete Takle	AP
Christian Hatlem Skår	AP
Kjell Eide	AP
Geir Helge Nordstrand	H
Dag Ove Austgulen Myklebust	SP

Forfall meldt frå følgjande medlem	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Unni Kvellestad Akse		Tanja Aven	

Merknader:

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/010	Godkjenning av innkalling
25/011	Godkjenning av sakliste
25/012	Godkjenning av protokoll frå førre møte
25/013	Situasjonsrapport for omsorg (ved PWC)

25/010: Godkjenning av innkalling

Innkalling vert godkjent slik den ligg føre.

Administrasjonsutvalet 03.07.2025

Handsaming:

Samrøystes.

ADMU- 25/010 VEDTAK:

Innkalling vert godkjent slik den ligg føre.

25/011: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Administrasjonsutvalet 03.07.2025

Handsaming:

Samrøystes.

ADMU- 25/011 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

25/012: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Administrasjonsutvalet 03.07.2025

Handsaming:

ADMU- 25/012 VEDTAK:

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

25/013: Situasjonsrapport for omsorg (ved PWC)

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Administrasjonsutvalet tek rapporten til vitande, og ber om at det vert sett i gang eit utviklingsarbeid slik tilrådingane skildrar.

Administrasjonsutvalet 03.07.2025

Handsaming:

Samrøystes.

ADMU- 25/013 VEDTAK:

Administrasjonsutvalet tek rapporten til vitande, og ber om at det vert sett i gang eit utviklingsarbeid slik tilrådingane skildrar. Adminstrasjonsutvalet vert halde orientert undervegs i prosessen.

Situasjonsanalyse i Omsorg , Hyllestad kommune

Oppsummering av funn og tilrådingar for vidare arbeid


Offentleg versjon



Innhald

1. Bakgrunn for situasjonsanalysen
2. Arbeidsmetodikk
3. Funn
4. Tilrådingar om vegen vidare

Presentation Title
PwC



Date
2




Bakgrunn for situasjonsanalysen


Eining for omsorg i Hyllestad kommune ønsker ei situasjonsanalyse for å ta tak i utfordringar knytt til roller, ansvar og arbeidsmiljø

- Eining for omsorg i Hyllestad kommune har hatt mange leiarskifte og omorganiseringar dei seinare åra. Mellom anna i 2022, då ein organiserte sjukepleiarar i stab og helsefagarbeidarar fekk leiaransvar i avdelingane. Sjukepleiarar fekk fagleiar som sin næraste overordna
- Hausten 2024 gjekk ein vekk frå todelt leiing, til ein einingsleiar i omsorg. Roller og ansvar mellom dei to stillingane er ikkje heilt avklara per i dag. Per juni 2025 er fagleiar konstituert einingsleiar omsorg. I tillegg vart talet leiarar på avdelingsnivå redusert til to, begge med sjukepleiarkompetanse.
- **Over lenger tid har det vore utfordringar med klargjering av roller og ansvar, samt med arbeidsmiljøet**
- Kommunsjef og kommunedirektør ønska bistand til å forstå og strukturere utfordringsbiletet i omsorg.
- Eining for helse (i lys farge på organisasjonskartet) er ikkje inkludert i denne analysen


DAGENS ORGANISASJONSKART MED FOKUS PÅ EINING FOR OMSORG




PwC



Kartleggingarbeidet er gjort i mai og juni 2025



PwC




Gjennom kartlegginga er det kome fram at det er varierende og ikkje godt nok arbeidsmiljø i Hyllestad kommune, eining for omsorg

- Det har over mange år vore ei kjent sak at arbeidsmiljø i eining for omsorg ikkje er godt nok. Dette blir det også **snakka om utanfor** organisasjonen, noko som truleg **påverkar rekruttering** av nye tilsette. Utfordringa er større inne på institusjon enn i heimenester/miljø
- **I oversikta på neste side er funna frå samtalar og observasjonar summert opp i eit utfordringstre.** Utfordringane er knytt til uklare roller og ansvar, varierende grad av psykologisk tryggleik, og ikkje optimal kommunikasjon mellom leing og tilsette. Vidare er det identifisert samarbeidsutfordringar og ein tungvindt og tidkrevjande turnusprosess.
- Det opplevast som det er **stor utskifting av vikarar og nye tilsette**, både frå byrå og ved direkte engasjement. Dette kan ha samanheng med arbeidsmiljø, og fører i sin tur til auka belastning på dei erfarne tilsette i eininga. Ringverknaden ser ut til å være manglande opplæring og støtte til dei nye, noko som gjer at fleire av disse ikkje blir værande så lenge som ønska
- Delar av dei tilsette har vore lenge i organisasjonen, og nokre av disse har sterke posisjonar formelt og uformelt. Dette fører til sterke uformelle leiarar og det opplevast som eit skilje mellom erfarne og nye tilsette
- Organisasjonen har vore gjennom omorganiseringar dei seinare åra, og utskiftinga av tilsette gjeld også på leiarsida. Dette kan være både eit symptom og ei årsak til delar av utfordringsbiletet.



Utfordringsbilete i omsorg, Hyllestad kommune



PwC


Date



Tilrådingar for vidare arbeid

- Arbeide vidare med dei utfordringane som er identifisert i eit **organisasjons- og leiarutviklingsprogram**. Kommunen bør i denne samanheng søke OU-midlar frå KS til gjennomføringa.
 - Arbeidet bør være knytt til avklaringar om roller og ansvar, arbeidsmiljø, samt direkte tiltak knytt opp til dei identifiserte utfordringane
 - Det er hensiktsmessig at ein innrettar programmet slik at leiarkabalen i størst mogleg grad er landa når leiarutviklingsprogrammet startar
- Vurdere **behov for framtidig leiarkapasitet** innan eining for omsorg, og basert på dette sørge for ei formålstenleg og varig organisering av tenesta
 - Per no fungerer leiar for eining omsorg og fagleiar i same person
 - Avdelingsleiarar for institusjon og heimetenester/miljø er per no sjukepleiarar og er leiarar for alle yrkesgrupper i avdelingane. Dette opplevast å fungere godt, og gir høve til effektiv koordinering og tydeleg organisasjonsstruktur
 - Roller og ansvar knytt til dei ulike leiarnivå må avklarast
- Ein bør ein snarleg etablere ein dialog der ein verte samde om køyrereglar for samarbeid og kommunikasjon. Dette bør ta utgangspunkt i kommunen sitt etiske rammeverk og arbeidsgivarpolitikk. Køyrereglane bør gjelde kommunikasjon og samhandling også utover det som er tematikk i organisasjons- og leiarutviklingsprogrammet.
 - For å sikre gode forhold for å lukkast i arbeidet, må tryggleik og tillit mellom gruppedeltakarane være så god som mogleg

Døme på framdriftsplan for arbeidet



Disclaimer

Denne rapport er utarbeidet for Hyllestad kommunes interne bruk i forbindelse med Roller og ansvar i Omsorg i samsvar med engasjementsbrev datert 30.april 2025.

Våre vurderinger bygger på faktainformasjon som har fremkommet i intervjuer med Hyllestad kommunes ansatte og i dokumentasjon som Hyllestad kommune har gjort tilgjengelig for oss. PricewaterhouseCoopers (PwC) har ikke foretatt noen selvstendig verifisering av informasjonen som har fremkommet, og vi innestår ikke for at den er fullstendig, korrekt og presis. PwC har ikke utført noen form for revisjon eller kontrollhandlinger av Hyllestad kommunes virksomhet. Rapporten inneholder materiale som er konfidensiell for Hyllestad kommune og PwC.

Hyllestad kommune har rett til å benytte informasjonen i denne rapporten i sin virksomhet, i samsvar med avtalen mellom Hyllestad kommune og PwC. PwC påtar seg ikke noe ansvar for tap som er lidt av Hyllestad kommune eller andre som følge av at vår rapport eller utkast til rapport er distribuert, gjengitt eller på annen måte benyttet i strid med disse bestemmelsene eller avtalen. Ved deling av hele eller deler av rapporten skal Hyllestad kommune sikre at enhver ansvarsfraskrivelse PwC har inkludert eller senere ønsker å inkludere i rapporten, blir gjengitt i sin helhet i alle eksemplarer som deles.

Hyllestad kommune får rettighetene til resultatet av oppdraget når betaling har skjedd, mens PwC beholder opphavsrett og alle andre immaterielle rettigheter til alt bakgrunnsmateriale, herunder, men ikke begrenset til, ideer, konsepter, modeller, informasjon og know-how som er utviklet i forbindelse med vårt arbeid. Hyllestad kommune kan ikke videreutvikle resultatet under PwC logo.

Enhver handling som gjennomføres på bakgrunn av vår rapport foretas på eget ansvar.